
Saksnr: 2024/9454-18
Saksbehandlar: Bjørnar Tjoflot

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		25.11.2025

**Høyringsuttale til konsesjonssøknad for regulering av Selsvatnet i
Sunnfjord kommune**

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune rår frå å gje konsesjon til regulering av Selsvatnet, grunna inngrep i urørt naturområde med høge natur- og friluftsverdiar, sterk lokal motstand og relativt lite kraftutbytte.
2. Vestland fylkeskommune støttar at slukeevna aukast i Selselva kraftverk, då dette vil gi noko auka produksjon av fornybar energi og bidra til regionale klimamål, utan vesentlege nye inngrep i naturen.

Samandrag

Selselva kraft AS har søkt om konsesjon til å regulere Selsvatnet mellom kote 839 moh og 840 moh og å auke slukeevna i Selselva kraftverk frå 1,05 m³/s til 1,3 m³/s. Søknad om å regulere Selsvatnet har tidlegare vore på høyring, men dette er ein ny søknad med noko endra planar. NVE har sendt konsesjonssøknaden på høyring og vedtak i saka sendast til NVE som høyringsuttale frå Vestland fylkeskommune.

Rune Haugsdal
fylkesdirektørBård Sandal
direktør
Næring, plan og innovasjon (NPI)


Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Selselva kraftverk i Sunnfjord kommune har vore i drift sidan 2016. Kraftverket utnyttar eit tilsigsområde i dag på 4,46 km², med inntak på kote 690, ca. 500 meter nedstraums utløpet frå Selsvatnet. Brutto fallhøgde er 570 m.

Selselva Kraft AS søker no i tillegg om konsesjon til å regulere Selsvatnet mellom kote 839 moh og 840 moh samt å auke slukeevna i Selselva kraftverk frå 1,05 m³ /s til 1,3 m³ /s. Inntak, rørgate og kraftstasjonsbygg vert uforandra etter utbygging. Reguleringa av Selsvatnet vil gje regulert vassføring på ei elvestrekning på om lag 600 m.



Figur 1: Situasjonsplan som skildrar tiltaket. (figuren er henta frå konsesjonssøknaden)

Tidlegare politisk handsaming

Søknad om regulering av Selsvatnet og auka slukeevne i Selselva kraftverk har tidlegare vore politisk handsama i Vestland fylkeskommune. I møte i fylkesutvalet 2. mai 2024 vart det gjort vedtak om å støtte tiltaket med føresetnadar, 1. vedtakspunkt er formulert slik: «Vestland fylkeskommune ber NVE vektleggje kommunen sin høyringsuttale. Vidare må NVE ikkje fatte vedtak før alle relevante partar har hatt moglegheit til å uttala seg og ev. private forhold er avklara.»

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse saka jf. Reglement for folkevalde organ og delegering, kap. 7. Høyringsuttale og kap. 27. Vassresurslova.

Høyringsfristen i denne saka var så kort at det ikkje lét seg gjere å leggja saka fram for både hovudutval for næring og fylkesutvalet. Det er vanleg praksis at saker som gjeld energi vert handsama i begge utvala, men når fristane er knappe, vert saka lagt direkte til fylkesutvalet, som har vedtakskompetanse og hyppigare møtefrekvens. Administrasjonen ber om utsetjing av høyringsfristar der det er naudsynt, for å sikre brei politisk behandling, men slike utsetjingar vert som oftast innvilga berre ved kortare utsetjingar eller i særskild regionalt viktige saker.

Medverknad

Medverknadsorgana har ikkje vore involverte i saka.

Vurderingar og verknader

Kraftforsyning:

Dette tiltaket vil gje noko meir kraftproduksjon frå ei allereie utbygd elv. Slukeemna i kraftverket aukast frå 1,1 m³/s til 1,3 m³/s. dette tilsvarar auka effekt frå 4,98 til 5,77 MW.

Med passiv regulering av Selsvatnet og auka slukeemne i kraftverket vil årsmiddelproduksjonen auka frå 17,782 til 21,902 GWh, basert på utrekningane til søkjar. Ved å auke slukeevna i kraftverket utan å regulere Selsvatnet vil ein òg ha noko auka produksjon ved at meir av dei naturlege flaumane me ser i dag kan gå gjennom kraftverket. Produksjonen aukar likevel ikkje så mykje som ved å òg regulere Selsvatnet.

Administrative/økonomiske konsekvensar:

Tiltaket har ikkje direkte administrative eller økonomiske konsekvensar for Vestland fylkeskommune. Det blir gjennomført og finansiert av tiltakshavar, og krev ikkje ressursbruk eller investeringar frå fylkeskommunen si side. Fylkeskommunen si rolle er avgrensa til plan- og høyringshandsaming.

Kulturminne og kulturmiljø:

Vi har ingen vesentlege kulturmiljøfaglege merknader til endringa som er varsla. Vi viser elles til varslingsplikta grunneigar/tiltakshavar har, jf. Lov om kulturminne § 8, 2 ledd. Dersom det i samband med arbeid/tiltak kjem fram funn av automatisk freda kulturminne skal Vestland fylkeskommune straks få melding om det, og alt arbeid skal stansast inntil rette forvaltarmynde har vurdert/nærare dokumentert funnet.

Klima:

Tiltaket kan bidra til Vestland fylke sitt mål om netto nullutslepp innan 2030 ved å styrke produksjonen av fornybar energi, men energigevinsten er avgrensa og må vurderast opp mot andre tiltak med større effekt. Tiltaket inneber inngrep i eit urørt naturområde, med påverknad på landskap og økosystem, og det reiser spørsmål om berekraftig arealbruk. Det støttar grønn omstilling gjennom energiproduksjon, men gir avgrensa effekt på arbeidsplassar og næringsutvikling.

Tiltaket har noko betydning for klimatilpassing ved å redusere flaumtoppar, men eit relativt stort restfelt reduserer denne effekta.

Friluftsliv og folkehelse:

Søknad for konsesjon for regulering av Selsvatnet var på høyring i 2024. Det kom mange høyringsinnspel frå lokalsamfunnet knytt til m.a. landskapspåverknad og redusert naturoppleving. I den oppdaterte søknaden som no er på høyring er det gjort fleire endringar for å imøtekomma desse innspela. M.a. leggst demningen lågare i terrenget og breidda på dammen reduserast frå 80 til 15 meter. Det er og gjort andre endringar som reduserer visuell påverknad og gir ei meir naturleg vassføring.

Selsvatnet ligg innanføre det kartlagde friluftslivsområde Blægja, vurdert som eit svært viktig friluftslivsområde. Det er fleire merka turruter i området og populære turmål. Endringane som er gjort frå opphaveleg søknad er vurdert å minimere den visuelle opplevinga av regulering i området.

Det er positivt at det i ny søknad er gjort tiltak for å redusere fjernverknad og påverknad på naturmiljø. Omsøkt oppdemming vil likevel utgjere eit inngrep i eit urørt naturområde som og er omfatta av Fjordkysten regional- og geopark, som i april 2025 fekk status som UNESCO global geopark. Det er viktig at terrenginngrep vert minimert både i drift- og anleggsfase og at tiltaket ikkje nyttast til å legitimera ytterlegare tiltak og kraftutbygging i området.

Vassmiljø:

Vi er ikkje kjend med at det er fisk i Selsvatnet eller Selselva, men i søknaden er det lagt til grunn at vatnet er fisketomt og at elva vert rekna for å vere verdilaus for fisk. Vassdraget har uansett verdi for andre ferskvassorganismar, og innsjøar utan fisk har ofte ein annan artssamansetnad enn innsjøar med fisk, som er viktig å ta vare på.

Vassføringsregimet vil bli endra på strekninga melom Selsvatnet og kraftinntaket. I denne søknaden er det lagt opp til at det ikkje blir variabel tapping. Dette vil påverke biologien i elva i

mindre grad enn om ein legg opp til variabel driftsvassføring. Den auka slukeemna vil redusere vassføringa mellom inntaket og utløpet frå kraftverket, og kan såleis påverke ferskvassorganismar på strekninga. Her er det viktig at minstevassføringa er tilstrekkeleg stor. Reguleringa vil også føre til at det vert eit vandringshinder på utløpet av vatnet for både fisk og andre ferskvassorganismar.

Varigheitskurvene i konsesjonssøknaden viser at ein ved passiv regulering og auka slukeevne vil ha om lag 40-50 dagar færre med overløp frå inntaket per år (altså 40-50 dagar fleire med minstevassføring mellom inntaket og kraftverket). Med auka slukeevne utan regulering vert dette om lag 20-25 dagar færre med overløp frå inntaket.

Selsvatnet (083-28439-L) og Selselva (083-62-R) er vurdert å ha god tilstand etter vassforskrifta. I Selselva er det ikkje registrert påverknad frå vasskraft i databasen Vann-Nett. Det er viktig at det vert vurdert om tilstanden vert redusert som følgje av tiltaket, og om det i så fall er grunnlag for å gje unntak frå § 12 i vassforskrifta.

Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 regional planstrategi:

Velferd og verdiskaping

Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på naturgitte fortrinn. Sjølv om produksjonen berre aukast noko, bidreg det til grønt skifte og energisikkerheit. Dette er viktige element i ei berekraftig utvikling basert på naturressursar. Samstundes er det uklart om lokale samfunn vil få direkte økonomisk eller velferdsmessig utbytte. Tap av naturverdiar og lokal kontroll kan påverke livskvalitet og opplevd tryggleik negativt.

Demografi og likeverd

Vestland er eit inkluderande fylke med trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket. Utbygging i distrikta kan i nokre tilfelle bidra til å halde oppe busetjing og aktivitet, men i denne saka har fleire lokale innbyggjarar uttrykt sterk motstand. Når lokale interesser blir tilsidesette, kan det svekke tillit og oppleving av likeverd, og bidra til fråflytting snarare enn stabilisering.

Klima og natur

I Vestland er klima og naturmangfald ein premiss for samfunnsutviklinga. Tiltaket støttar klimamål gjennom auka produksjon av fornybar energi. Samstundes inneber det inngrep i eit urørt naturområde, med risiko for påverknad på landskap.

Samarbeid

Vestland når måla sine gjennom samarbeid og samordning. Saka viser behovet for betre samarbeid mellom utbyggjarar, forvaltning og lokalsamfunn. Sterk lokal motstand og rettstap har skapt konflikt og mistillit. For å sikre legitimitet og framtidig dialog bør utbyggjar søkja å avbøte tiltaket for å i større grad respektere dei lokale sine behov.

Konklusjon

Tiltaket vil gje noko auka produksjon av fornybar energi frå ei allereie utbygd elv, og støttar opp under regionale klimamål og mål om netto nullutslepp innan 2030. Det er gjort endringar frå tidlegare vurdert søknad for å redusere visuell og miljømessig påverknad.

Samstundes inneber tiltaket inngrep i eit urørt naturområde med høge natur- og friluftsverdiar, og det er uttrykt sterk lokal motstand. Opplevd urett for dei lokale kan svekke tillit og oppleving av likeverd, og utfordrar prinsippet om rettferdig fordeling av fordelar og ulemper ved klimatiltak. Tiltaket har avgrensa effekt på klimatilpassing og næringsutvikling, og det er viktig at nye tiltak ikkje legg grunnlag for vidare utbygging i urørde område. For å sikre legitimitet og framtidig dialog bør det leggjast vekt på respekt for kommune og lokale interesser.

Vi rår til auka slukeevne i kraftverket. Dei negative effektane som er vurderte, og påpeika av dei lokale, er i størst grad knytt til reguleringa av Selsvatnet. Vi rår difor frå at det gjevast konsesjon til reguleringa av Selsvatnet.

Fylkesdirektøren har under noko tvil endra si tidlegare positive innstilling til tiltaket, og rår no frå konsesjon til regulering av Selsvatnet. Endringa er i hovudsak grunna i den sterke lokale

motstanden, at kommunen var negativ ved førre høyring, og at den samla kraftgevinsten er vurdert som svært beskjeden